

# Hå Kristelig Folkeparti



## Kommunestyrevalget 2023



Trygg

styring

*Tid til det viktigste*

INFORMASJON

## Di stemme tel!

I denne brosjyren kan du lese kva Hå KrF vil arbeide for i neste kommunestyreperiode. Politikken vår har som mål å gjere det endå betre å bu og arbeide i Hå kommune. Me vil særleg framheve tre visjonar. Dersom du er einig i nokre av desse, håper me du vil vurdere å gi di stemme til KrF.

### Den beste kommunen for familiar!

Ein god oppvekst er den beste investeringa eit samfunn kan gjere. Me trur at fleire foreldre kjenner på lommeboka at alt har blitt dyrare den siste tida. Når regjeringa attpåtil kuttar i kontantstøtta, vert det for nokon endå mindre pengar å disponere. I Hå kommune har me ei heilt spesiell kommunal kontantstøtte som me innførte førre gong ei regjering kutta i kontantstøtta. Grunnen til det er at me ønsker å gi foreldre valfridom og anerkjenne at foreldre veit best kva som passer for seg og sitt barn.

Hå KrF går difor til val på å utvide den kommunale kontantstøtta slik at den dekker perioden som regjeringa kuttar. I tillegg vil me innføre søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO. Kostnadsveksten har vore historisk høg den siste tida, og derfor må kommunen bidra der me kan. I dag er det moderasjon i foreldrepengane for søsken i barnehage. Mange har også på eit tidspunkt ungar i både barnehage og SFO. Dette kan fort bli dyrt og me meiner derfor at det må sjåast i samheng.

### Det skal vera godt å bli gamal i Hå!

Me veit at talet på eldre kjem til å auke. Dette er bra, ettersom det betyr at me lever lengre. Dei fleste ønsker å bu heime i eigen bustad lengst mogleg. For å klare det treng mange på eit tidspunkt praktisk hjelp eller støtte. Då er det viktig at kommunen er klar med eit godt tilbod. KrF vil derfor styrke heimetenesta i komande kommunestyreperiode. Og når behovet for ein sjukeheims plass ein gong melder seg, skal innbyggjaren få tilbod om det.



“  
Kjære håbu. Bruk stemmeretten! Gje ei stemme til valfridom for familiare, trygg eldreomsorg og ei god utvikling av Hå kommune som nærings- og landbrukskommune. Godt val!

### Ei framtidretta samfunnsutvikling!

KrF ønsker å utvikle Hå kommune på ein framtidretta måte. Me vil satse på alle stasjonsbygdene, inkludert Stokkalandsmarka. Me seier også ja til Hå som eigen kommune og nei til kommunesamanslåing.

Hå ligg midt i matfatet til Noreg. Landbruket er ei viktig næring som KrF ønsker å støtte og utvikle. Ein føresetnad for dette er at matjord blir verande matjord. Me må halde jordvernet høgt!


For KrF handlar god samfunnsutvikling også om å ta vare på den kristne kulturarven vår og leggja denne til grunn for dei politiske løysingane framover.

### Andreas Bjorland

Ordfører kandidat



# Program for Hå KrF 2023-2027



## Ideologi og visjonar

KrF byggjer politikken sin på den kristendemokratiske ideologien. Verdigrunnlaget vårt er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar. I praktisk politikk kjem dette til uttrykk gjennom det kristne menneskesynet, nestekjærleik og forvaltaransvar.

KrF byggjer på overtydinga om at dei kristne verdiane er det beste grunnlaget for å utvikla politiske løysingar for samfunnet vårt og kommunen vår. Visjonen vår er å skapa eit varmare samfunn gjennom valfridom for familiane, jordvern, rusførebygging, moderne eldreomsorg, ein aktiv nærings- og landbrukspolitik og kamp mot fattigdom.

## Samfunn



Gode lokalsamfunn vert bygde nedanifrå og opp. Hå skal vera ein trygg og driftig kommune, der alle skal oppleva seg sett og høyrde, og der den jærseke dugnadsanda står sterkt.

### Me vil:

- sikra alle innbyggjarane medverknad i kommunalt planarbeid.
- følgja opp vedtekne sentrumsplanar og leggja til rette for aktive og attraktive sentrum i alle stasjonsbyane våre.
- byggja nytt sambrukshus i Nærbo sentrum.
- forbeta jernbaneundergangen i Nærbo sentrum og Varhaug sentrum, slik at aust- og vestsida blir betre knyta saman.
- arbeida for utbygging av breiband i heile kommunen.
- leggja til rette for gode tur- og lysløyper i kommunen.
- vera lojale til gjennomført folkeavrøysting om kommunesamanslåing.
- fortsetja det gode samarbeidet med dei andre kommunane på Jæren.
- sikra god kvalitet på kommunale bygg.



## Barn og familie

Familien er den viktigaste sosiale eininga i samfunnet. Familien sjølv er best eigna til å avgjera korleis dei vil organisere kvardagen sin, og dei må kunna velja dette.

### Me vil:

- at kommunen skal ha barnets beste som perspektiv i alle saker.
- at skule, barnehage, helsestasjon, barnevern og andre tenester må ha eit godt tverrfagleg samarbeid.

- gje barn og unge gode, tilgjengelege og likeverdige tilbod.
- vidareføra kommunal kontantstøtte for 2-åringar.
- sikra kommunal kontantstøtte for 1-åringar, dersom den statlege kontantstøtta fell bort.
- at kommunen skal ha meir foreldrerettledning i barnehage og skule.
- arbeida for auka kapasitet og tverrfagleg kompetanse for å betra kvaliteten i barnevernet.
- utvida ordninga med søskenmoderasjon til å gjelda på tvers av barnehage og SFO.

## Skule



Ein god skule er grunnleggjande for å skapa ei betre fram- tid. Skulen skal vera ein god stad for læring, utvikling, leik og trivsel, der alle elevane opplever utfordring og meistring på sitt nivå.

### Me vil:

- ha ein skule med forankring i kristen kulturarv og verdiar.
- ha ein skule med fokus på tidleg innsats, tilpassa opplæring, praktisk læring og elevmedverknad.
- arbeida for gode arbeids- og rammevilkår for dei som arbeider i skulen, med det som trengst til leiging og undervisningsmateriell.
- leggja til rette for godt samarbeid mellom skule og foreldre og føresette, grunna på tillit, forståing og respekt.
- arbeida aktivt mot mobbing, både i og utanfor skulen.
- behalda og vidareutvikla Høyland skule.
- byggja ny 1.-7.-skule på Vigrestad ved idretts-anlegget.
- reetablere biblioteket på Vigrestad.
- sikra gode kantineløysingar ved alle skulane i kommunen.
- styrka samarbeidet mellom skule og næringsliv for å auka elevane sin motivasjon gjennom meir praktisk undervisning.

- vidareføra eit godt samarbeid mellom Hå kommune og Tryggheim skular.
- gje leik meir plass i småskulen og gjera skulestarten mjukare.

## Barnehage



Det skal vera gode barnehagar med trygge vaksne i heile kommunen. Barnehagane skal vera prega av leik, læring, utvikling og trivsel.

### Me vil:

- fortsetja arbeidet med kompetanseheving for tilsette i barnehagen.
- støtta opp om opne barnehagar.
- prioritera tidleg innsats for barn med utfordringar.
- styrka spesialpedagogbemanninga.
- at barnehagen skal vera forankra i kristen kulturarv og verdier.
- heva kvaliteten på uteområda.
- at barnehagane skal arbeida systematisk mot mobbing.
- at det skal løyvast meir pengar til bemanning og plantid i barnehagane.

## Ungdom



Ungdom i kommunen skal vera aktive og trygge, med ansvar for egne liv og tru på framtida.

### Me vil:

- styrka skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og sikra god og nødvendig tilgang på helsesjukepleiarar.
- at Hå kommune skal ha minst to lærlingar pr. tusen innbyggjarar.
- sikra godt samarbeid mellom ulike instansar som skal hjelpa unge.
- tilby alle barn og unge god tilgang på aktivitetar i ferien, gjennom mellom anna Barn i juli og Ung i juli.
- støtta opp om Barne- og ungdomsløftet.
- arbeida for at alle unge skal verta inkludert i fellesskap, både på skulen og i fritida.
- arbeida for at fleire unge i kommunen skal fullføra vidaregåande opplæring.



## Seniorar

Seniorar er ein viktig ressurs i lønna arbeid og i frivillig innsats gjennom lag og organisasjonar.

### Me vil:

- ha ein personalpolitikk i kommunen, som legg til rette for å kunna stå lenge i arbeid.

- leggja til rette for frivillig innsats, ikkje minst i helsesektoren.
- vidareføra støtte til lag og organisasjonar.
- leggja til rette for aktiv fritid og vidare leige av idrettshallar på dagtid.

- leggja til rette for etablering og bygging av seniorbufellesskap.
- ha gode aktivitetstilbod og dagsenter for eldre i alle delane av kommunen.

## Helse og omsorg



Kjerneverdiar i helsetenesta skal vera kvalitet, tryggleik, tilgjenge og omsorg. God folkehelse fremjar både trivsel, reduserer risiko for skade og sjukdom og gir samfunnsøkonomiske gevinstar.

### Me vil:

- at kommunen skal tilby helsetenester tilpassa den enkelte, som gir meistring, meining og moglegheiter, uansett alder og funksjonsnivå.
- bruka velferdsteknologi som gjer det trygt for eldre å bu heime.
- fokusera på førebyggjande arbeid, gjennom mellom anna Frisklivssentralen.
- auka bruk av heiltidsstillingar.
- ta i bruk nye sjukeheimplassar ved behov.
- styrka dei heimebaserte tenestene.



## Rus- og kriminalitetsforebygging

Førebygging, særleg retta mot barn og unge, er det beste verktøyet for å kjempa mot rus og kriminalitet. Samarbeid mellom politi, kommune, lag og organisasjonar i lokalsamfunnet er ein føresetnad for å lukkast i dette arbeidet.

### Me vil:

- arbeida for ei verdig rusomsorg, som sikrar behandling, rehabilitering og ettervern med hjelp av både offentlege tilbod og ideelle organisasjonar.
- ha restriktive, tryggleiksskapande reglar for sal og skjenking av alkohol.
- stimulera til rusfrie ungdoms-, idretts- og kulturarrangement.
- at alle arrangement i kommunal regi skal vera rusfrie.
- støtta rus- og psykiatريفorebyggjande tiltak blant unge.
- at Hå kommune skal bli ein «Av-og-til»-kommune».
- tilby hjelp til pårørande av personar som slit med rus, blant anna gjennom ordning med pårørandestøtte.



## Livssyn, kultur og idrett



Hå har eit sterkt organisasjons- og foreningsliv innan kristent arbeid, kultur og idrett. Me ser verdien av eit livssynsøpe samfunn, og vil halda fram med gode kommunale støtteordningar for frivillig arbeid.

### Me vil:

- ta vare på den kristne kulturarven og gje gode rammevilkår for Den norske kyrkja, bedehusa og andre trussamfunn.
- auka støtta til kulturbygg.
- prioritera barn og unge når det gjeld økonomisk støtte til aktivitetar.
- vidareføra dagens støtteordningar til idrettslag og andre foreningar.
- gje tilstrekkelege rammer for god aktivitet i fritidsklubbane.
- at tildeling av kulturstøtte skal vera aktivitetsbaserte.
- at barna skal få tilbod om skulegudstenester.
- utvida opningstidene for symjehallane i kommunen.

## Inkludering og integrering



Sjølv om dei fleste i Hå lever trygge og gode liv, er det for mange som av ulike grunnar står utanfor fellesskapet. KrF vil arbeida for at ingen i Hå skal falla utanfor.

### Me vil:

- at Hå kommune skal gå føre som inkluderande arbeidsplass.
- at det skal vera nok varig tilrettelagde arbeidsplassar tilgjengeleg.
- støtta ordninga med utstyrsutlån.
- ha gode støtteordningar for dei som ikkje klarer å betala for fritidsaktivitetar.
- halda fram med «Alle med i Hå».
- støtta frivillig arbeid for å motverka utanforskap.
- at Hå kommune skal ta imot flyktningar på ein god måte.

## Klima og miljø



Naturen, miljøet og klimaet er grunnlaget for samfunnet vårt, og me må forvalta det på ein ansvarleg måte.

### Me vil:

- vektleggja natur, klima og berekraft i arbeidet med kommunale planar.
- at det skal vera enkelt og lønnsamt å velja klimavennleg, for både innbyggjarar og bedrifter.

• leggja betre til rette for produksjon av fornybar energi, gjennom blant anna, solcellepanel og småskala vindmøller.

- arbeida for gode energisparingstiltak, slik som etterisolering og bygging av fleire sensorstyrte gatelyst.
- arbeida for at nye kommunale bygg skal vere låg- eller plussenergibygg.
- leggja opp til god infrastruktur for utsleppsfri transport og etablera fleire ladepunkt for elbilar.
- redusera matsvinn i kommunen, og prioritera lokal- og norskprodusert mat.

## Næring og landbruk



Kommunen skal vera ein konstruktiv og god samarbeidspartnar for både næringslivet og bonden.

### Me vil:

- vidareutvikla Kviamarka som eit regionalt næringsområde for næringsmiddelindustri.
- prioritera jordvern og ikkje utfordra dei langsiktige jordverngrensene.
- at kommunen skal opplevast som ein medspelar for bonde og næringsliv.
- leggja til rette for næring knyta til reiseliv i kommunen.
- arbeida for auka samarbeid med nabokommunane innan næringsutvikling.
- at kommunen skal støtta innovasjon og gründerverksemd innan næring og landbruk.

## Samferdsel



Det må vera lett å reisa mellom dei sju tettstadane i kommunen og vidare utover kommunegrensa. Først og fremst er det viktig at barn må kunna ferdist trygt, og at næringsliv skal ha gode transportveggar.

### Me vil:

- få på plass ringvegen nord for Nærbo, i første omgang fram til Torlandsvegen.
- vidareføra ringvegen på Vigrestad, når transportanalysane viser det er behov.
- etablera eit godt kollektivtilbod til Stokkalandsmarka, gjerne etter modell av «Hent Meg».
- sikra gang- og sykkelsti mellom Varden og Brusand.
- få fylket til å oppgradera Buevegen vidare mot E39.
- gjera Jærbanen så attraktiv som mogeleg, med auka frekvens sørover.
- halda presset oppe for dobbeltspora jernbane til Nærbo og vidare sørover.
- fortsetja med skuleskysordninga for elevane i Stokkalandsmarka.

# Møt våre listekandidater



**Andreas Bjorland**  
Ordfører kandidat  
1980  
Nærbø



**Renate Skretting**  
2. kandidat  
1987  
Varhaug



**Sara Borgenvik**  
3. kandidat  
2003  
Vigrestad



**Vegard Ask**  
4. kandidat  
1988  
Nærbø



**Jonas Skrettingland**  
5. kandidat  
1957  
Varhaug



**Ann Helen Østrem**  
6. kandidat  
1990  
Vigrestad



**Kjersti Skjæveland**  
7. kandidat  
1962  
Nærbø



**Magnus Ånestad**  
8. kandidat  
1984  
Varhaug




**Olaus Trygve Bjuland**  
9. kandidat  
1997  
Nærbø



**Asbjørn Auestad**  
10. kandidat  
1978  
Vigrestad



**Irene Slettebø  
Austnaberg**  
11. kandidat  
1987  
Varhaug



**Stein Aarsland**  
12. kandidat  
1987  
Nærbø



**Odd Kåre Rugland**  
13. kandidat  
1966  
Vigrestad



**Monica Pollestad**  
14. kandidat  
1971  
Nærbø



**Sigve Kydland**  
15. kandidat  
2000  
Varhaug



**Valborg Skjerahaug  
Egebakken**  
16. kandidat  
1997  
Nærbø



**Marthe K. Østerud  
Primstad**  
17. kandidat  
1992  
Vigrestad



**Jørn Viste**  
18. kandidat  
1966  
Nærbø



**Christian Grove**  
19. kandidat  
1981  
Varhaug



**Mari Vold**  
20. kandidat  
2005  
Vigrestad



**Karl Haugstad**  
21. kandidat  
1963  
Vigrestad



**Silje Bjorland**  
22. kandidat  
2001  
Nærbø



**Jarand Skeie**  
23. kandidat  
1984  
Varhaug



**Eli Bjuland**  
24. kandidat  
1966  
Nærbø



**Asgeir Pollestad**  
25. kandidat  
1974  
Nærbø

Ei stemme til KrF er ei stemme for  
**eit varmare Hå!**





## Har du innspel til kva me bør arbeide med framover?

### Ta kontakt med:

Ordførarkandidat Andreas Bjorland:  
*andreas.bjorland@politiker.ha.no / 928 90 333*

Lokallagsleiar Irene Slettebø Austnaberg:  
*isaustnaberg@gmail.com / 415 12 328*

Foto: s. 1-2: Lillian Nordbø  
Foto: s. 6-7: Asle Haukland

FØLG OSS PÅ FACEBOOK OG INSTAGRAM!



[www.facebook.com/haakrf](https://www.facebook.com/haakrf)



[www.instagram.com/haa\\_krf](https://www.instagram.com/haa_krf)

